

---

**Fra:** Ove Sæbø <sjefsove@online.no>  
**Sendt:** søndag 23. september 2018 21:19  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** nils@meng.no; Reidun Landro  
**Emne:** [BULK] Uttale - Høyring av søknad om auka areal og biomasse på lokalitet Eikebærånæ i Lindås kommune

Viser til høyringsrunde søknad om auka areal og biomasse på lokalitet Eikebærånæ i Lindås kommune.

Sjøområdet framom huset vår (gnr/bnr 194/43) og austover bort til nausta er frå gammalt av i stor grad nytta som område for fiske; garn, fiske frå land og med snøre eller dørging frå båt. Slikt fiske er ein viktig kvalitet både for barna våre og oss vaksne ved staden me bur på.

Slik det framstår av planane som no er ute på høyring, vert heile området forringa m.o.t. fiske. Tauverk og anna forankring av anlegget aukar i omfattande grad (jfr skisse i planen) og gjer at det meste av fiskeutstyr vil hekte seg fast og gå tapt. Fisket vil opphøyre, noko som vil endre heile staden sin karakter.

Ein vil ikkje kunne fiske med stang frå land, garn kan ikkje setjast og fiske frå båt opphøyre.

Ber om at dette vert tatt stilling til og at løysingar kan finnast.

Helsing  
Ove Sæbø  
Osterfjordvegen 531  
5915 Hjelmås